



Saluton leganto!

Her er siste Esperanto-nytt før sommaren, denne gongen med litt meir organisatorisk info enn til vanleg. Har du kommentarar til nyhendebrevet, send ein e-post til bergen@esperanto.no.

God sommar til dykk alle! Bonan someron al vi ĉiuj!

Rydding og sommar-samling i Oslo 2. juli

Ei handfull styremedlemer og andre aktive i esperanto-forbundet planlegg å nytte dei første juli-dagane til å rydde og organisere på forbundskontoret i Olaf Schous vei 18 i Oslo.

Har du lyst til å treffe oss, er du velkomen innom **onsdag 2. mai kl. 18.00** for ein uformell prat. Stort sett vil det vere folk på kontoret på dagtid onsdag-laurdag denne veka, så stikk gjerne bortom kontoret også på andre tidspunkt.



Eksotisk verdskongress for esperanto-ungdommen

Kvart år arrangerer det internasjonale ungdoms-esperantoforbundet TEJO sin eigen verdskongress IJK. I år er arrangementsstaden ekstra eksotisk for oss europearar: Cisarua, litt sør for hovudstaden Jakarta i Indonesia. Frå 9. til 16. august kan deltakarane få med seg føredrag, debattsirkklar, kurs, spel, konsertar og ikkje minst ei rekkje ekskursjonar, både til storbyar og ut i naturen.

Så langt me kan sjå, har ingen nordmenn så langt late seg freiste til å melde seg på, kanskje du blir den første? Sjå <https://ijk2025.tejo.org/> for meir informasjon.

Stø kurs på landsmøtet

Fornya tillit til sitjande styre, konsentrasjon om kjerneoppgåvene og økonomi i balanse er nokre stikkord for årets landsmøte i Norsk Esperanto-Forbund, som fann stad digitalt 5. juni.

Også i tida framover vil styret prioritere medlemsbladet *Norvega Esperantisto*, nyhendebrevet *Esperanto-nytt*, digitale kurs for nybyrjarar, oppdatering av nettsidene og modernisering av forbundslokalet *Esperantonia*. Våren 2025 er delar av lokalet leigd ut som skriveverkstad for tre forfattarar, og landsmøtet gav full tilslutning til å halde fram med dette utleiget, som sikrar både inntekt og aktivitet i lokalet.

Godkjende årsmeldingar og rekneskap finn du på <https://esperanto.no/lm/lm2025/>.

Resumo

En 2024, nia multjara kunordiganto kaj oficeja deĵoranto Douglas Draper devis forlasi siajn asociajn taskojn. Ne eblas supertaksi kiom kontribuis Douglas al la funkciado de NEL tra la lastaj pli ol kvardek jaroj. La estraro volas esprimi siajn profundajn dankojn kaj estimojn.

Tra la jaro, la estraro prioritatis kvar taskojn. 1) Eldoni malpli multajn, sed pli variajn *Norvega Esperantisto*, kun koloroj. La plano estis tri numeroj, sed pro la pozitivaj reagoj kaj diversaj kontribuoj, fine igis kvar. La presado kaj distribuado de papera gazeto multe kostas, sed restas prioritata. 2) Proponi relanĉo suplementon per rete disendita norvegingva informilo *Esperanto-nytt*. Per ĝi eblas doni pli oftajn ĝisdatigojn pri Esperanto-rilataj okazajoj en- (kaj ĉefe) eksterlande. 3) Daŭre ofertu kursojn por norvegingvaj komencantoj kaj progresantoj per Zoom. 4) Ordigi Esperantonian por ke ĝi estu pli facile utilligebla.

Pri tiuj kvar taskoj ni sukcesis. Ne mankas aliaj farindaj, sed surbaze de la haveblaj organizaj fortoj, la estraro kontestas pri tiuj modestaj atingoj. Sen alfluo de novaj fortoj neceso prioritati kaj efike uzigi niajn rimedojn por daŭre provizi bazajn informajn kaj membrajn servojn en la venontaj jaroj.

La 1-an de majo 2025

La liga estraro

Bård Hekland, Jørdar Eggeboe Abrahamson

Marianne Lund, Claude Rouget, Lars Sandbakk

Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 OSLO. inform@esperanto.no, +47 92922355